

I lag om ein god oppvekst

Oppvekstplan for barn og unge i Hå kommune

2025-2029

Mål

Barn og unge skal høyre til i eit fellesskap, oppleve meistring og handtere motgang.





Innleiing

Hå kommune sin visjon for arbeidet med barn og unge er «I lag om ein god oppvekst», med fokus på heilskapleg samarbeid for å sikre trygg og god oppvekst. Dette inneber tverrfagleg samarbeid mellom opplæring, helse, føresette og lokalsamfunn for å ivareta barna sine psykiske, fysiske og sosiale behov for læring og utvikling.

Målet er at barn og unge skal høyre til i eit fellesskap, oppleve meistring og kunne handtere motgang. Oppvekstplanen legg føringar for samarbeid mellom tenester for å sikre ei trygg utvikling, der leiarar har ei sentral rolle i implementeringa. Føresette er dei viktigaste vaksne i barna sitt liv, og eit godt samarbeid mellom dei og offentlege tenester er avgjerande.

Planen legg vekt på sosial utjamning og gode folkehelseval, samt kor viktig venskap og fellesskap er for barn si utvikling. Planprosessen har vore prega av brei medverknad frå tilsette, hovudtillitsvalde, politikarar samt barn og unge sjølve.

Oppvekstplanen skal føre til at me arbeider meir heilskapleg i kvar avdeling, og på tvers av tenester. Me vil og arbeide aktivt for å gjere visjon og mål kjent i heile bygda.

Kort fortalt om oppvekstplanen

Planen skal hjelpe oss med:

- Felles mål og retning for alle som arbeider med barn og unge
- Heilskapleg forståing av barn og unge sine behov
- Forventningsavklaring mellom aktørar
- Å utvikle kollektivt språk

Arbeidet med barn og unge skal vere prega av:

- At barn og unge opplever å høyre til
- Felles innsats der alle tek ansvar
- Omsorgsfulle og tydelege vaksne
- At barn og unge får medverke
- Samarbeid med og støtte til føresette
- Folkehelseperspektivet

Viktige verkemiddel

- Leiing og ansvar i alle ledd
- Tenestene arbeider godt kvar for seg og i lag, med forpliktande rutinar for samarbeid på tvers
- Kollektiv kompetanseutvikling
- Utvikling av profesjonsfellesskap på tvers i ein lærande organisasjon
- Gode oppvekstmøter med rette folk rundt rette bord

Planen skal hjelpe oss med

Planen er eit viktig verktøy for å sikre felles mål og retning i arbeidet med barn og unge sin oppvekst og utvikling.

Gjennom ei heilskapleg forståing av barn og unge sine behov, ønskjer me å sikre ei tydeleg forventningsavklaring mellom aktørane. Eit kollektivt språk gjer det enklare å kommunisere og dele erfaringar, noko som igjen styrkar samarbeidet mellom barnehagar, skular, føresette og andre sentrale aktørar i oppveksten.

Saman kan me skape ei heilskapleg tilnærming som gjer at barn og unge får den støtta dei treng for å meistre livet.





Arbeidet med barn og unge skal vere prega av

Arbeidet med barn og unge er eit felles ansvar der alle bidreg til ein god oppvekst. Det er viktig å skape trygge oppvekst- og læringsmiljø med varme og tydelege vaksne, både føresette og tilsette. Eit inkluderande miljø er avgjerande for at barna skal føle seg velkomne og høyre til. Barn og unge skal få medverke i prosessar som angår dei og ha moglegheit til å påverke sin eigen kvardag.

Folkehelseperspektivet legg grunnlag for ein sunn livsstil frå tidleg alder. Det gjer barn og unge gode moglegheiter til å vekse opp med ei sunn fysisk og psykisk helse.

Det krev ei heil bygd å oppdra eit barn. Dei næraste omsorgspersonane og kontaktnettet deira legg grunnlaget. Gode kommunale helsetenester følgjer barnet frå starten av. Tilsette og vener i barnehage og skule spelar ei viktig rolle. Kulturskule og idrettslag jobbar aktivt for fellesskap og meistring. I tillegg bidreg lokalt næringsliv mellom anna med sommarjobb og arbeidserfaring for ungdom. Me treng lokalsamfunn som bryr seg.

Viktige verkemiddel

I arbeidet med barn og unge er det avgjerande å ha god leiing og tilsette som tek ansvar i alle ledd. Tenestene skal arbeide godt kvar for seg og i lag. For å fremje samarbeid på tvers av ulike tenester har me forpliktande rutinar som gjer det enklare å dele informasjon og erfaringar.

Kollektiv kompetanseutvikling er ein viktig del av strategien vår. Me ønskjer å utvikle profesjonsfellesskap på tvers av fagområder, slik at me held fram med å vere ein lærande organisasjon. Dette vil styrke samarbeidet og auke kvaliteten på tenestene.

Ved å samle rette folk rundt rette bord sikrar me gode oppvekstmøter, til dømes ressursmøter, samarbeidsmøter, overgangar og koordineringsgruppemøter. Oppvekstmøter er kjenneteikna av felles ansvar for å løyse oppgåver og utfordringar.



«Alle kan oppleve meistring på ulike områder. Alle treng ikkje få til alt, men i all fall ein eller nokre få ting.»

Ungdom i Ungdomsrådet i Hå (URÅ)





Mål

Barn og unge skal høyre til i eit fellesskap, oppleve meistring og handtere motgang

Innspel til kva målformuleringa skal bety kjem frå barn, unge, tilsette og hovudtillitsvalde.

Høyre til i fellesskap

- Å føle seg trygg
- Ha gode vener
- Kjenne seg velkomen, bli etterspurt
- Felles interesser
- Trygt læringsmiljø
- Ha det gildt saman

Oppleve meistring

- Fokusere og bygge vidare på det du får til
- Øve på at det kan ta lang tid å kome i mål
- Balanse mellom ferdigheiter og utfordringar
- Ikkje gje opp
- Nokon som heiar på deg

Handtere motgang

- Øve på og takle kvardagslege utfordringar
- Tole eigne og andre sine kjensler
- Øve på tolmod og å stå i det
- Setje grenser
- Ufarleggjere motgang
- Vaksne som toler

Målet som kompass

For å vite at me er på rett veg i arbeidet med barn og unge, vil me nytte målet som kompass. Målsettinga kan og nyttast i kartlegging av risiko- og beskyttelsesfaktorar.

- Høyrer barnet til i eit fellesskap?
- Opplever barnet meistring?
- Handterer barnet motgang?



Folkehelseperspektivet

Kvart år får Hå kommune ein oppvekstprofil frå Folkehelseinstituttet (FHI). Denne viser nokre av kommunen sine styrker og utfordringar. Indikatorane i oppvekstprofilen skal hjelpe oss med å skape gode oppvekstmiljø for barn og unge. Dei viktigaste momenta for å skape eit godt oppvekstmiljø er i følge Folkehelseprofilen oppsummert i punkta under.

Sosial støtte og relasjonar: Gode relasjonar og sosial deltaking er avgjerande for trivselen til barn og unge. Kvaliteten i barnehage og skule, tilgjengelege møteplassar, rekreasjonsområde og fritidsaktivitetar er viktig i dette arbeidet.

Tryggleik i nærmiljøet: Me undersøkjer om barn og unge kjenner seg trygge i nærmiljøet. Ut frå resultata kan me gjere meir detaljerte undersøkingar og setje i verk naudsynte tiltak for å auke opplevinga av tryggleik i lokalsamfunnet.





Me er laga som sosiale vesen- å vere ein del av eit fellesskap = overlevelse

Folkehelseperspektivet

Fysisk aktivitet: Det er for mange barn og unge som ikkje får nok fysisk aktivitet. Dette gjelder også i Hå. Dette peiker på kor viktig det er å fortsatt leggje til rette for gode aktivitetstilbod for barn og unge og å skape gode haldningar til fysisk fostring.

Økonomiske levekår: Andel barn og unge som veks opp i hushald med vedvarande låg inntekt er noko me må følgje med på. Å vekse opp slik kan ofte påverke oppvekstvilkåra og moglegheitene til barn og unge. Me må fortsetje å demme opp for dette med ordningar for å inkludere alle.

Utdanning og helseforskjellar: Forskjellen i forventa levealder mellom dei med grunnskule og dei med vidaregåande eller høgare utdanning er stor på landsbasis. Skilnadane er mindre i Hå, men me må likevel fortsetje å arbeide for at flest mogleg skal gjennomføre vidaregåande skule.

Me må ha eit særskilt fokus på desse faktorane i oppvekstplanen for å sikre eit trygt, inkluderande og helsefremjande miljø for barn og unge i Hå kommune.

Kva gjer me?

Avdelingsvis

- Implementering av heilskapleg oppvekstplan
- Fagplaner som synleggjer samanheng mellom heilskapleg oppvekstplan og eiga avdeling
- Samarbeid og støtte til å vere alminneleg gode føresette

På tvers

- Styringsgruppa har ansvar for utviklingsarbeidet på tvers
- Profesjonsfellesskap som leiarsamlingar og fagsamlingar
- Fagsamlingar på tvers
- Ressursgruppemøter i barnehagar og skular
- Styrke og trygge bruk av samtykke

I bygda

- Gjere bygda kjent med visjon og mål for arbeidet med barn og unge
- Samarbeid og støtte i møte med lag og organisasjonar
- Leggje til rette for fellessamlingar



Kort oppsummert

Oppvekstplanen er eit viktig verktøy for å sikre felles mål og retning i arbeidet med barn og unge. Me skal arbeide vidare med å styrke den heilskaplege forståinga av barn og unge sine behov, og tydelege og avklarte forventningar mellom alle aktørar. Samarbeid mellom barnehagar, skular, føresette og andre tenester er avgjerande for å gje barna den støtta dei treng.

God leiing og samarbeid på tvers av tenester er avgjerande for å oppnå måla våre. Me vil utvikle profesjonsfellesskap og ha gode oppvekstmøter for å bygge kompetanse, dele informasjon og erfaringar.

Alle tilsette og føresette har eit felles ansvar for å skape trygge og inkluderande miljø der barna kan medverke og påverke sin eigen kvardag. Me vil fremje ein sunn livsstil og styrke både fysisk og psykisk helse frå tidleg alder.

Me treng alle, heile bygda, det offentlege, naboen, idretten, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet for å lukkast med visjonen - I lag om ein god oppvekst!



**Hå
kommune**